
Saksnr: 2019/32-3
Saksbehandlar: Erlend Hofstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021
Fylkesutvalet		01.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

Verdsarvstaden Bryggen. Forvaltningsplan 2021-2025

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune sluttar seg til forvaltningsplan for verdsarvstaden Bryggen 2021-2025 og legg forvaltningsplanen til grunn for fylkeskommunen sitt arbeid med Bryggen.

Samandrag

Verdsarvrådet for Bryggen vedtok 1. desember 2020 ein ny forvaltningsplan for verdsarvstaden Bryggen, gjeldande for perioden 2021-2025. Planen gir ein samla oversikt over lovverk, styringsdokument, planar, aktørar og aktivitetar knytt til verdsarvstaden. Planen inneheld òg ei skildring av verdsarvstaden og omgjevnadene, og ein systematisk oversikt over verdsarvverdiane og dei oppsluttande verdiane til verdsarvstaden Bryggen. Planen peikar på aktuelle utfordringar og set opp ei rekkje mål for å møte desse. Vestland fylkeskommune er ein sentral aktør i forvaltninga av verdsarvstaden Bryggen, og det er eit mål at alle involverte partar i forvaltninga av Bryggen sluttar seg til planen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Verdsarvstaden Bryggen. Forvaltningsplan 2021-2025

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bryggen i Bergen vart innskriven på UNESCO si verdsarvliste i 1979 og vert med dette rekna for å ha ein uerstattelig verdi for menneskeheita. Den statlege verdsarvpolitikken vart nedfelt i Stortingsmelding 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste (kapittel 4.8). Dette er sidan følgt opp i Stortingsmelding 16 (2019-2020) «Nye mål i kulturminnepolitikken». På bakgrunn av dette er det dei seinare åra etablert ein ny, heilskapleg struktur for arbeidet rundt verdsarvstaden Bryggen, med ei statleg finansiert stilling som verdsarvkoordinator, eit verdsarvråd og eit fagråd. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune slutta seg 31.5.2018 til denne organiseringa (sak 142/18), og verdsarvrådet konstituerte seg i september 2018. Vestland fylkeskommune er representert i både verdsarvrådet og fagrådet.

Stortingsmelding 35 (2012-2013) «Framtid med fotfeste» set som eit nasjonalt mål at alle dei norske verdsarvstadene skal ha oppdaterte forvaltningsplanar. Verdsarvråda har ansvar for at det ligg føre forvaltningsplanar og at dei vert følgde opp. Verdsarvrådet for Bryggen vedtok ein plan for det vidare arbeidet med forvaltningsplanen i november 2018, og ei arbeidsgruppe sett ned av fagrådet har utarbeidd sjølve planen. Forvaltningsplanen vart vedteken av verdsarvrådet 1. desember 2020. Det er eit mål at også alle involverte partar i forvaltninga av Bryggen sluttar seg til planen. Planen er retningsgivande for forvaltningsorgana og får verknad gjennom at verdsarvverdiane med oppsluttande verdiar innarbeidast i plandokument etter kulturminnelova og plan- og bygningslova, og ved at målsettingar og tiltak med økonomiske konsekvensar vert teke inn i aktørane sine budsjett og program. Forvaltningsplanen gjeld for fire år og skal rullerast ved utløpet av perioden. Planen skal følgjast opp med ein tiltaksplan/handlingsplan som rullerast årleg.

Formålet med forvaltningsplanen er å sikra ei best mogleg bevaring av verdsarvstaden Bryggen. Dei framståande universelle verdiane skal sikrast for framtida, samtidig som ein skal leggja til rette for ei berekraftig utvikling av Bryggen som ein integrert del av Bergen som by, både miljømessig, sosialt og økonomisk. Planen skal vera eit hjelpemiddel for å koordinera innsats og samarbeid mellom mynde og aktørar for å møte utfordringane til verdsarvstaden, einast om visjon og mål for verdsarvstaden, og arbeida for å oppfylla visjonen og måla.

Forvaltningsplanen gir ei samla oversikt over lovverk, styringsdokument, planar, aktørar og aktivitetar knytt til verdsarvstaden. Planen inneheld òg ei skildring av verdsarvstaden og omgjevningane, og ein systematisk oversikt der verdsarvverdiane og dei oppsluttande verdiane til verdsarvstaden Bryggen er konkretisert.

Eit hovudelement i forvaltningsplanen er ei kartlegging av aktuelle utfordringar og påverknadsfaktorar for verdsarvstaden. Utfordringane kan samanfattast slik:

- Eit stort og kostnadskrevjande behov for sikring og istandsetjing av bygningane. Sikringa omfattar m.a. sikring mot brann, setningsskadar, ta vare på kulturlag i grunnen og ha kontroll på grunnvass-situasjonen.
- Sikra og byggja opp naudsynt kunnskap og kompetanse, både om istandsetjingsarbeidet og om verdsarven meir ålment.
- Sørja for oppdatert teknisk infrastruktur og løysa praktiske behov knytt til bruken, som publikumstolett og varelevering.
- Kombinera bruk av Vågen som ein levande hamn med ivaretaking av verdsarvverdiane.
- Sikra seg mot følgjene av klimaendringar, som auka havnivå og nedbørsmengder.
- Trafikkpress, og sikra at trafikkplanlegging bidreg til ivaretaking av verdsarvverdiane.
- Byutvikling i nærleiken av Bryggen, og sørja for at utforming av byromma rundt Bryggen tek i vare verdsarvverdiane.
- Tidvis stort besøkspress gir utfordringar med m.a. slitasje og tryggleik, og det er behov for betre og meir samordna besøksforvaltning.
- Styrka integrering av verdsarvforvaltninga og anna offentleg forvaltning.

På bakgrunn av utfordringane set planen opp visjon og mål for verdsarvstaden Bryggen. Visjonen er formulert slik:

«I 2030 er Bryggen et godt eksempel på hvordan de fremragende universelle verdiene for et verdenskulturminne sikres og styrkes, parallelt med at Bryggen som en del av sentrumsbebyggelsen i Bergen utvikler seg på en miljømessig, sosial og økonomisk bærekraftig måte. Bryggen har et betydelig antall arbeidsplasser som springer ut fra verdensarven. Verdensarvstatusen og de miljø- og kulturkvaliteter som er knyttet til Bryggen som attraksjon og

kulturminne er viktig for identiteten til bergensere, vestlendinger og den norske befolkningen. Kunnskap om verdensarven, og hva den representerer, skaper interesse og forståelse for historien, forankring i nåtiden og forventning om framtiden, og underbygger erkjennelsen om verdensarvens plass i det globale fellesskapet».

Blant dei mest sentrale måla i planen er desse:

- Bryggen skal sikrast som eit unikt vitnesbyrd om hanseatane og ein viktig del av fortellinga om Hansaforbundet og etableringa av Det tyske Kontor.
- Istandsettings-, sikrings- og vedlikehaldsarbeida vidareførast kontinuerleg, under stabile og føreseielege rammevilkår
- Bryggen vert forvalta og formidla etter «best practice»
- Buffersone er definert og godkjent av UNESCO
- Alle oppsluttande verdsarvverdiar bør få ei god juridisk sikring
- Dei oppsluttande verdsarvverdiane er synleggjort og integrert i styringsverktøy og forvaltningsverktøy i kommunal og regional forvaltning
- Det er etablert eit tett samarbeid med forskingsmiljø ved universitet og høgskuler.
- Internasjonalt samarbeid med verdsarvstader og organisasjonane innanfor verdsarvverdiar er styrka
- Sikra eit langsiktig, livskraftig kompetansemiljø innanfor tradisjonshandverk
- Styrka kompetansen om verdsarv lokalt
- Formidlinga av verdsarven Bryggen er kunnskapsbasert, fagleg forankra og lett tilgjengeleg
- Styrka lokal og regional tilhøyrsløse til verdsarvstaden Bryggen
- Verdsarvsenter er etablert
- Det skal utviklast gode undervisningsprogram om verdsarven
- Det er på plass ei berekraftig og heilskapleg besøkshandtering
- Det er utvikla eit godt samarbeid mellom eigarar, leigetakarar, destinasjonsselskap, reiselivsbedrifter og verdsarvforvaltning
- Bryggen skal vera eit knutepunkt for opplevingar og verdiskaping gjennom heile året

Det er eit mål at forvaltningsplanen vert forpliktande for alle deltakande partar. Vestland fylkeskommune er ein sentral aktør i forvaltninga av verdsarvstaden Bryggen. Fylkeskommunen er representert i verdsarvrådet og fagrådet, er forvaltningsmynde for alle dei freda bygningane på Bryggen og forvaltar tilskotsordninga for istandsetting av Bryggen. Samstundes som det i første rekkje er gjennom rolla som regionalt kulturminnemynde at fylkeskommunen er ein part i verdsarvforvaltninga, er det ei rekkje andre av fylkeskommunen sine oppgåver og ansvarsområde som kan bidra til ei god og heilskapleg verdsarvforvaltning. Dei pågåande utgreiingane av bybanetrase til Åsane er eit godt døme. Her er omsynet til verdsarven eit av dei sentrale tema, i ein kompleks prosess som involverer samferdsle, kollektivtrafikk, arealplanlegging og kulturminneforvaltning. Fleire av måla i forvaltningsplanen peikar mot fagområde som opplæring, næringsutvikling, stadutvikling og kulturformidling. På same måten som forvaltningsplanen skal vera ein reiskap for eit godt samarbeid på tvers av institusjonar, er det og mange moglegheiter for at planen kan verta ei ramme for samarbeid på tvers av avdelingar og fagområde i fylkeskommunen. Her kan eit godt døme vera Fagskolen i Hordaland sitt studium i klassisk bygningshandverk og restaurering. Det er eit viktig ledd for å oppfylle målet i forvaltningsplanen om å sikra kompetanse i tradisjonshandverk.

Forvaltningsplanen er utarbeidd i samarbeid mellom dei sentrale aktørane i forvaltninga av Bryggen, som alle er representert i fagrådet for verdsarvstaden. Planen representerer soleis ei felles forståing av utfordringar og mål og skal med det vera eit godt utgangspunkt for ei heilskapleg forvaltning på tvers av institusjonane. Planen gir ei felles retning for forvaltninga av verdsarvstaden, men samstundes fleksibilitet og spelerom til både fylkeskommunen og andre aktørar i korleis ein skal arbeide for å nå måla, kva verkemiddel ein vil nytta og kor mykje ressursar det vert lagt i tiltaka. Konkrete tiltak for å nå måla vil utformast gjennom årlege handlingsplanar, tilpassa dei ressursane som er tilgjengelege.

Vedtakskompetanse

Reglement for folkevalde organ og delegering - Reglement for fylkestinget, pkt. 2: Fylkestinget tek avgjerd i alle saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Det vert lagt til grunn at fylkeskommunen sin oppfølging av planen skjer innanfor eksisterande administrative ressursar, og at tiltak vert finansiert innanfor eksisterande tilskotsordningar. Eit verdsarsvnter, som er eit av måla i planen, føreset fylkeskommunal medfinansiering. Etablering av verdsarsvnteret er i utgangspunktet eit statleg krav uavhengig av forvaltningsplanen og vil handsamast gjennom ein eigen prosess på eit seinare tidspunkt.

Klima:

Istandsetjing av bygningsarven er eit godt klimatiltak. Ved å kunne nytte eksisterande bygningar i eit langt perspektiv, vil ein kunne redusere behovet for nybygg og såleis redusere klimaavtrykket.

Folkehelse:

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Utviklingsplanen seier at UNESCO-områda i Vestland bør bli vidareutvikla til fyrttårn for natur- og kulturminneforvaltning. («Balansert og planstyrt areal- og ressursforvaltning», s. 25).

Forvaltningsplanen støttar opp om følgjande mål i utviklingsplanen:

Mål 2 - Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, ved å sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, jf. strategi 2.2.

Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.2

Konklusjon

Fylkesrådmannen syner til drøftingane ovanfor og rår til at Vestland fylkeskommune sluttar seg til forvaltningsplan for verdsarsvntaden Bryggen 2021-2025.